

Tilsynssensorrapport 2012-2013, bacheloremner, sosiologi, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo.

Bakgrunnsinformasjon

I høve til karakterfordeling og klager på resultat til eksamen gjeld denne rapporten for emna SOS1000, SOS1001, SOS1003, SOS1003S, SOS1120, SOS2100, SOS2200, SOS2202, SOS2300, SOS2402, SOS2500, SOS2603, SOS2800, SVLEP3090, SOS3090, SVMET1010.

Ei meir inngående evaluering er gjort at to emner:

- SVMET1010 Kvalitativ metode
- SOS2001 Moderne sosiologisk teori.

Underteikna er oppnemnd som tilsynssensor for tidsrommet 2013-2017.

Utforming av arbeidet

Arbeidet er i hovudsak gjennomført på grunnlag av det grunnmaterialet eg har motteke frå Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi og på grunnlag av informasjon på instituttet sine heimeseider. Dette er

- Oversyn over karakterfordeling på dei emna som er nemnde ovanfor
- Oversyn over karakterfordeling i klagekommisjonar vår 2012-2013
- Emneskildringar, eksamensoppgåver, pensumlistar og anna informasjon som ligg tilgjengeleg på nettet
- Tilsendt informasjon og tilsende eksamensoppgåver for SOS2001 Haust 2012.
- Tilsendt informasjon og tilsende oppgåver for SVMET1010 Haust 2012
- Tilsendte eksamensoppgåver – 3 stk for SVMET1010 og 3 stk for SOS2001.

Utover dette har det ikkje vore avtalt møter med instituttet i 2013. Kommunikasjonen med instituttet har funne stad pr. e-post.

Evaluering av vurderingar og vurderingsordningar

Gjennomgåande er nettsidene for dei ulike emna gode og informative. Studentane finn stort sett den informasjonen dei treng for det gjevne kurset.

Sensurordningane følgjer så langt tilsynssensor kjenner til ein veletablert mal, med ein intern sensor og ein ekstern sensor i kvar kommisjon. Dette er ein modell det er gode grunnar til å halde fast ved, då det sikrar ei upartisk og fagleg trygg prøving og vurdering av prestasjonane.

Med å hente inn eksterne sensorar frå andre lærestader, sikrar ein også ein sams praksis i karaktersetjing på tvers av ulike institusjonar.

Kort evaluering av enkeltemner

Nedanfor følgjer ei kort vurdering av dei enkeltemna eg har fått tilsendt karakterinformasjon om. Ytterlegare informasjon er henta frå instituttet sine nettsider.

SOS1000 – Innføring i sosiologi.

Informasjonen på heimesidene både til dette og dei fleste andre emna iht pensum og læringskrav er lette å finne.

Samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt. Eksamen er på 6 timar, og på linje med det ein finn for tilsvarende kurs ved andre lærestader.

Karakterfordelinga hausten 2012 følgjer normalfordelingskurva, men med ei viss forskyvning i retning karakteren B.

SOS1001 – Introduksjon til sosiologi.

Som for SOS1000 er samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt, og eksamen er også den same som for SOS1000.

Også for dette emnet følgjer karakterfordelinga hausten 2012 normalfordelingskurva, men med ei viss forskyvning i retning karakteren B.

SOS1003 og SOS1003S Sosiologiens klassikere og det moderne samfunn

Samsvaret mellom pensum og forelesningsplan verkar å vere godt, og talet på forelesningar (12 stk) er det same som ved tilsvarende kurs ved andre lærestader. Eksamensforma – 6 timar skuleeksamen - er også mykje lik den ein finn ved andre lærestader. Generelt er tilsynssensor av den oppfatning at ein eksamen av denne lengda er betre enn eksamenar som varer 3 eller 4 timar.

Karakterfordelinga på SOS1003, der 13 studentar har fått karakteren E, kan tyde på at ein del studentar finn dette emnet tungt. Samstundes er dette eit innføringsemne for relativt ferske studentar, og av opplagde årsaker vil dette derfor kunne skje. At nesten like mange studentar

vert gjevne karakterane A, B og D er litt meir overraskande. Varer dette ved over tid, bør ein vurdere å sjå nærare på eksamensoppgåver og/eller sensurering.

På SOS1003S får det klare fleirtalet av studentane karakteren B eller C. All den tid ein ikkje kan ta dette emnet som privatist, er ikkje forskjellen i høve til SOS1003 i seg sjølv urovekkjande. Ein bør likevel vere merksam på at nesten 40% av dei som går opp til eksamen får karakteren B eller betre, og drøyt 10% karakteren D eller E. Dersom inntakskvaliteten er klart høgare enn for SOS1003, kunne ein likevel også ha venta at fleire studentar fekk karakteren A. Så er ikkje tilfelle.

SVMET1010 – Kvalitativ metode

Kurset følgjer i det vesentlege det same opplegget som SOS1003, med 12 forelesningar og 10 seminarmøter. Vurderinga av kurset er også den same: samsvaret mellom pensum og læringsmål er godt. Eksamensforma består av to obligatoriske oppgåver som vert karaktersetje og ein eksamen på fire timar. Dette er ei litt uvanleg eksamensform, men var etterspurt av studentane jf. tidlegare tilsynssensorrapportar.

Karakterfordelinga våren 2013 følgjer tett på normalfordelingskurva, noko ein også bør vente for eit kurs med så mange studentar. Det same gjeld for hausten 2012, sjølv om ingen studentar vart vurderte til karakteren E.

Ei meir inngåande vurdering av emnet følgjer lenger nede.

SOS1120 – Kvantitativ metode.

Samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt, og pensum er også ambisiøst. Eksamen er noko kortare enn på tilsvarande integrerte kurs andre stader (4 timar), men rommar fleire obligatorisk innleveringsoppgåver (4 stk i kvantitativ metode aleine). Gjeve omfanget av pensum kan ein vurdere å utvide sjølve skuleeksamen.

Karakterfordelinga hausten 2012 må kunne kallast skeiv, all den tid 50% av dei som har bestått eksamen vert gjevne karakteren A eller B, og kun 11% karakteren D eller E. All den tid dette er eit emne røymsle tilseier mange studentar i utgangspunktet finn vanskeleg, er denne fordelinga noko overraskande. Varer skeivfordelinga ved over tid, bør ein vurdere å sjå nærare på eksamensoppgåver og/eller sensurering.

SOS2100 - Ulikhet: klasse, kjønn og etnisitet

Også dette kurset rommar 12 forelesningar. Pensumet dekkjer sentrale problemstillingar i spørsmål om sosial ulikskap, og samsvaret med læringsmåla er godt. Eksamensforma – semesteroppgåve (bestått/ikkje bestått) og 6 timars skuleeksamen – er det same som det ein finn på tilsvarande kurs ved andre lærestader.

Karakterfordelinga følgjer tett på normalfordelingskurva, og treng ingen ytterlegare kommentarar, då den er slik ein kan forvente på denne typen kurs på dette nivået.

SOS2200 - Organisasjon ledelse og arbeid.

Kurset følgjer i det vesentlege det same opplegget som SOS2100. Vurderinga av kurset er også den same: samsvaret mellom pensum og læringsmål er godt, og eksamensforma velprøvd.

Karakterfordelinga er noko skeiv, då mange studentar anten får karakteren B eller C. Varer dette ved over tid, utan at det kan tilbakeførast til høgare inntakskvalitet, bør oppgåver og sensurering vurderast nærare.

SOS2202 – Vitenskap og teknologi i organisasjon og samfunn

Kurset følgjer i det vesentlege det same opplegget som SOS2200. Vurderinga av kurset er også den same: samsvaret mellom pensum og læringsmål er godt, og eksamensforma velprøvd.

Også på dette emnet er karakterfordelinga er noko skeiv, då 14 av 17 studentar fekk karakteren A, B eller C. På eit emne med relativt få studentar kan slike semestervise utslag skje, men varer dette ved over tid, utan at det kan tilbakeførast til høgare inntakskvalitet, bør oppgåver og sensurering vurderast nærare.

SOS2300 - Marginalisering, kriminalitet og rusmiddelmissbruk

Også dette kurset følgjer den malen som er skildra ovanfor, både når det gjeld tal på forelesningar og eksamens- og vurderingsformer.

Karakterfordelinga følgjer tett på normalfordelingskurva, og treng ingen ytterlegare kommentarar, då den er slik ein kan forvente på denne typen kurs på dette nivået.

SOS2402 - Family, gender equality and the welfare state

Emneskildringa på nettet for 2014 er noko mangelfull, og kan med fordel kompletterast. Ut frå skildringa for 2013 verkar kurset å følgje den same malen som dei andre kursa på 2000-nivå.

Karakterfordelinga er noko skeiv, med relativt mange studentar som får karakterane C eller D. Ettersom grunnlaget er nok lågt (27 studentar) er ikkje dette isolert sett urovekkjande. Varer trenden ved over tid, utan at det kan tilbakeførast til dårlegare inntakskvalitet, bør ein vurdere å sjå nærare på eksamensoppgåver og karaktersetjing.

SOS2500 - Kulturanalyse, diskurs og semiotikk - et sosiologisk perspektiv

Emnet har same eksamens- og undervisningsform som dei øvrige emna på 2000-nivå.

Karakterfordelinga våren 2013 er noko skeiv, med like mange vurderte til B som til C, men ikkje meir markert enn at ei fordeling som denne er ei ein kan vente i enkelte semester. Imidlertid er fordelinga hausten 2012 enno skeivare, då meir enn 50% av dei som besto eksamen fekk karakteren A eller B. Dette verkar noko høgt. Varer denne skeivfordelinga ved ytterlegare eitt semester, bør ein, igjen med atterhald for inntakskvalitet, vurdere å sjå nærare på eksamensoppgåver og karakterpraksis.

SOS2603 – Scandinavian welfare society.

Som tittelen tilseier er dette eit emne det vert undervist i på engelsk. Samsvaret mellom pensum og læringskrav er godt.

Karakterfordelinga hausten 2012 er i tråd med det ein kan vente.

SOS2800 - Flukt, migrasjon og flerkulturelle spørsmål

Også dette emnet følgjer malen for emner på 2000-nivå, med 10-12 forelesningar, obligatorisk semesteroppgåve og 6 timars skuleeksamen.

Karakterfordelinga er meir markert skeiv i retning av dei beste karakterane (A-C), der 50% av studentane får B eller A på eksamen, der B er fordelinga sitt modus, og der drøyt 20% får D eller E. Som for dei andre emna nemnde ovanfor, bør oppgåver og sensurering vurderast nærare dersom dette varer ved over tid, og dersom denne skeivfordelinga ikkje kan tilbakeførast til høgare inntakskvalitet for dette bestemte kurset.

SVLEP3090 - Fordypningsoppgave i samfunnsfag for lektorstudenter

Våren 2013 var informasjonen på heimesidene til dette emnet noko mangelfull iht læringskrav.

Gjeve dette emnet si innretning, er det ikkje overraskande at antalet forelesningar er annleis vekta (3 forelesningar – 10 seminarmøter).

Karakterfordelinga på emnet er noko skeiv, med B som fordelinga sitt modus. Gjeve at dette er ei fordypingsoppgåve for røynde studentar, er dette ikkje i seg sjølv urovekkjande.

SOS3090 - Sosiologisk analyse-bacheloroppgave

Våren 2013 var informasjonen på heimesidene også til dette emnet noko mangelfull iht læringskrav (jf.

<http://www.uio.no/studier/emner/sv/iss/SOS3090/v13/pensumliste/index.html>).

Også dette emnet er annleis organisert iht talet på forelesningar (3 forelesningar – 10 seminarmøter).

Karakterfordelinga er noko skeiv, med hovudvekt på karakterane C og B. Ettersom dette er ei bacheloroppgåve som studentar ofte arbeider meir inngående med over tid, er dette ikkje i seg sjølv nokon grunn til å sjå nærare på karaktersettjingspraksisen. At eit fåtal (4 studentar) får karakteren A, vitnar også om at det ikkje er snakk om ein inflasjon i retning av den aller beste karakteren.

Klagekommisjonar:

Ingen av emna utpeikar seg med *svært* høge antal klagesaker. Enkelte emner – SOS2001 Moderne sosiologisk teori, SOS2200 Organisasjon, ledelse og arbeid og SOS3090 Sosiologisk analyse – bacheloroppgave – har likevel nokre fleire klagesaker enn det dei andre emna har. Samstundes er dette emner med mange studentar.

Karakteren har vorte endra til gunst for klagar i 11 av 25 tilfeller på dei emna denne rapporten omhandlar, og i ingen tilfeller til ugunst for klagar. Dette tolkar tilsynssensoren som eit uttrykk for at karaktersettjingspraksisen ved instituttet sett under eitt ikkje er for liberal.

Drøftingar med fagmiljø/fakultet undervegs.

Som framheva ovanfor, har det ved denne vurderinga ikkje vore avvikla møter med fagmiljø eller fakultet. Tilsynssensor har heller ikkje funne dette naudsynt for denne første, meir avgrensa evalueringa. Det har vore problemfritt å få tilgang til naudsynt dokumentasjon.

Vurdering av enkeltkurs.

Etter ynskje frå instituttet, har tilsynssensor sett meir grundig på to enkeltkurs: SVMET1010 og SOS2001.

SVMET1010 – Kvalitativ metode

Pensum er sett saman av fire ulike bøker/utdrag frå bøker og eit kompendium med til saman 14 artiklar. I tillegg kjem fem e-artiklar. Dette er eit ambisiøst pensum, både med omsyn til omfang og innhald. Om det er ideelt å ha heile fire bøker på pensum og i tillegg eit kompendium, er eit ope spørsmål. Emneansvarleg framhevar likevel at fleire av bidraga er «relativt lettlesle», og dette verkar det som om studentane er samde i, jf. tilbakemeldingar i studentevalueringa. Samanlikna med tilsvarande innføringskurs i samfunnsvitskaplege metodar ved andre lærestader, er SVMET1010 klart meir omfattande. Samstundes har ISS valgt ei løysing som mogleggjer dette, ved at det vert halde separate kurs i kvantitative og kvalitative metodar.

Sjølv om SVMET1010 truleg er eit krevjande kurs, framstår opplegget som godt gjennomtenkt, planlagt og også gjennomført. Tilbakemeldingane frå studentane spriker noko, men ikkje meir enn det ein må vente på eit lågaregradskurs. Hovudinstrykket verkar også å vere positivt.

Dei obligatoriske arbeidskrava er på nivå med det ein finn på tilsvarande kurs ved andre lærestader, men inngår også som grunnlag for den endelege karaktersetjinga, noko dei td. ikkje gjer på metodekurser i samfunnsvitskapleg metode ved UiB. Informasjonen til studentane frå emneansvarleg er ryddig, men ein kunne kanskje utarbeide ei meir detaljert skriftleg rettleiing om henvisingsskikk og plagiat enn det som no er tilfelle. Røynsle tilseier at fleire studentar slit med dette, og også at plagiering er vorte meir utbreidd den siste åra. Sjølv om dette er teke opp i forelesningar og seminar, kan det med fordel også presiserast i informasjonsmaterialet.

Studentane verkar nøgde med at tida på eksamen er utvida frå 3 til 4 timar. Ein bør halde fast ved 4-timars eksamen i nokre semester før ein evt. gjer nye endringar. Dersom timetalet då skal endrast, vil tilsynssensor tilrå at ein aukar til ein 5- eller 6-timars eksamen. Ein av dei tilsendte eksamensprestasjonane har td. ein skuleeksamen på 13 sider, ein annan på 15 sider, noko som gjer det truleg at desse kandidatane har vore under eit visst tidspress under sjølve eksamen.

Eksamensoppgåva som vart gjeven til skuleeksamen hausten 2012 er god. Underteikna trur kombinasjonen av kortsvarsoppgåver og ei meir omfattande oppgåve fungerer godt for å få fram både breidde- og djupdekunnskap, samstundes som det gjer det mogleg å skille mellom sterke og svake studentar. Eksamensoppgåva gjer det, sjølv om oppgåve 2a kanskje er litt vel generell, og kanskje også ligg litt for nær på dei meir generelle problemstillingane studentane har arbeidd med i dei obligatoriske oppgåvene.

Tilsynssensor har ingen vesentlege kommentarar til karakterane som er sett på dei tre oppgåvene som er sende til gjennomsyn, vurderte til hhv D, C og A.

Prestasjonen som er gjeven karakteren D heftar det fleire alvorlege manglar ved. Den samla prestasjonen er svak, og så svak at ein kunne også ha vurdert denne til ein sterk E.

Prestasjonen gjeven den samla karakteren C er klart betre, og denne forskjellen vert korrekt reflektert i at den også er gjeven ein betre karakter.

Prestasjonen som er vurdert til karakteren A, skil seg markant ut. Observasjonsoppgåva er løyst på ein ambisiøs og framifrå måte, som så vert følgt opp i intervjuoppgåva. Skuleeksamen viser også at studenten har kunnskapar og sjølvstende ut over det ein kan vente på dette nivået.

Samla verkar SVMET1010 å fungere som eit godt innføringskurs i kvalitative metodar.

Vurdering av SOS2001.

Pensum er sett saman av Gunnar C. Aakvaag si bok «Moderne sosiologisk teori» og eit kompendium med ei rekkje originalartiklar forfatta av gamle og nye klassikarar. Røynsle tilseier at mange studentar vil legge meir vekt på pensumboka enn på tekstane i kompendiet. Når studentane i sine tilbakemeldingar i tillegg er meir kritiske til tekstane i kompendiet fordi koplinga til hovudboka er uklar, slik at faget av den grunn også framstår som fragmentert, må ein nesten spørje

- om pensumboka til Aakvag fungerer etter hensikta, eller
- om antalet artiklar i kompendiet bør kortast ned.

Tilsynssensor er ikkje utan vidare tilhengar av å avgrense utvalet av kapittel og artiklar i kompendiet. I valet mellom å lese originaltekstar framfor oversiktsbøker, er eg snarare ein sterk tilhengar av at studentane les arbeid i sine originale utgåver, framfor at dei les ein presentasjon av dei same arbeida i ei oversiktsbok skriven ut frå ein bestemt fagleg posisjon.

Eksamensoppgåva for SOS2001 er jamnt over god. Samstundes som den berører sentrale delar av pensum og i denne delen av sosiologien, bør den kunne skille mellom sterke og svake studentar. Som nemnt ovanfor har underteikna sans for kombinasjonen av kortsvarsoppgåver som gjer det mogleg vurdere ein student sin breiddekunnskap og ei meir inngående hovudoppgåve som gjer det mogleg for studenten å vise meir inngående kjennskap til sentrale posisjonar innanfor det som er område for emnet.

Korleis dei ulike delane av eksamen skal vektast i høve til kvarandre vil måtte vere gjenstand for ei kontinuerleg vurdering. Den noverande vektinga, 1/3 og 2/3, er ikkje urimeleg, men å vekte ein del av eksamen lågare enn dette, vil truleg vere uheldig. Skal ein likevel pirke i nokre av formuleringane, kan ein innvende at Pierre Bourdieu ikkje hadde ein *handlingsteori*, slik oppgåva skriv det, men snarare ein *praksisteori*. Sterke studentar vil vonleg ha fått fram dette.

Tilsynssensoren merkar seg elles diskusjonen om emnet i Programrådet, og at den noverande forma på kurset ikkje vert oppfatta som optimal. Av dei to forslaga programrådet fekk forelagt seg, ville eg truleg ha støtta fleirtalet sitt forslag. Ettersom revisjonen allereie er gjennomført, bør den nye ordninga få verke over litt fleire semester før den evt. vert gjenstand for ein ny,

større revisjon. Møte med studentpanelet den 8. oktober 2012 tyder elles på at det ikkje er spesielle vanskar som må adresserast umiddelbart. Usemje om praktiske aspekt i høve til korleis seminara skal/skal ikkje avviklast vil ein uansett finne, og det er ikkje noko i rapporten som tyder på at kurset har særigne problem. Studenttilbakemeldingane på e-post tyder også på at emnet alt i alt fungerer godt.

Tilsynssensoren vil likevel påpeike at mykje av diskusjonen verkar å omhandle om boka til Gunnar C. Aakvag skal/skal ikkje vere pensum, noko som blant anna er reflektert i studenttilbakemeldingane. At eit så sentralt emne som SOS2001 vert så tett og direkte knytt til ei bestemt bok med ein bestemt profil eller posisjon, finn underteikna uheldig. Innføringar i sosiologisk teori finnast det som kjent mange av, og å finne fleire eigna hovudbøker til eit kurs i moderne sosiologisk teori bør ikkje by på uoverstigelege vanskar.

Endeleg har eg fått tilsendt tre eksamensoppgåver til gjennomlesing som har fått karakterane E, C og A. I det vesentlege er eg samd med dei karakterane som er sette.

- Oppgåva som har fått E har klare og store manglar, og karakteren verkar rett sett, sjølv om ein kunne vurdert å gje denne prestasjonen F.
- Oppgåva vurdert til C ville eg sjølv ha plassert i det nedre del av det intervallet for denne karakteren, og kanskje også vurdert til karakteren D. Svaret på oppgåve 2 har ein del klare manglar, og drøftinga vert derfor også noko utvendig og mangelfull.
- Den sterkaste prestasjonen viser ein solid forståelse av pensum og av dei teoriane det er spurt etter, og skil seg klart ut med også å vere sjølvstendig. Karakteren A verkar å vere ei rett vurdering av denne prestasjonen.

I sum framstår teorikurset som å vere på nivå med tilsvarande teorikurs ved andre lærestader.

Samandrag og tilrådingar

I sum vitnar det materialet eg har fått tilsendt om det ikkje er grunn til å gjere større eller umiddelbare endringar av dei kursa eg har kunna vurdere.

Informasjonen om pensum og læringskrav til dei fleste emna er lette å finne på heimesidene, og samsvaret mellom pensum og læringskrav er gjennomgåande godt.

Karaktersetjinga på dei kursa eg har fått informasjon om verkar i hovudsak å følgje dei nasjonale retningslinene, men på enkelte kurs finn ein skeivfordelingar i retning av karakteren B. På enkelte kurs har 50% av studentane fått anten A eller B.

Dersom dei observerte skeivfordelingane varer ved *over tid*, kan det verte aktuelt å finne ut av årsakene til dette, td. ved å sjå nærare på undervisningsopplegg, eksamensoppgåver, eksamensform, karakterbruk og inntakskvalitet på kurs som SOS1120 – Kvantitativ metode, SOS2200 – Organisasjon, ledelse og arbeid, SOS2202 – Vitenskap og teknologi i organisasjon og samfunn, SOS2402 Family, gender equality and the welfare state og

SOS2800 – Flukt, migrasjon og flerkulturelle spørsmål. Det er likevel ikkje grunn til å gjere dette på grunnlag av resultatata frå eitt enkelt semester.

Dei to kursa som er vurderte meir grundig, SVMET1010 og SOS2001 framstår samla sett som velfungerande, sjølv om Programrådet i sitt notat frå 2012 peikar på visse vanskar i høve til SOS2001. Tilsynssensor finn det noko uheldig at diskusjonane rundt SOS2001 er så tett og direkte knytte til ei bestemt bok, og ville truleg ha støtta fleirtalet sitt forslag i høve til korleis dette kurset bør organiserast. At studentane har oppfatta koplinga mellom pensumboka og originaltekstane som uklar, er for tilsynssensor ein indikasjon på at pensumboka ikkje fungerer optimalt. Varer studentane sine inntrykk av pensumet ved over tid, bør ein då vurdere å finne ei anna innføringsbok til bruk på kurset.

Dette endrar ikkje på hovudkonklusjonen: ISS sitt bachelorprogram framstår både som godt og velfungerande.

Bergen, 15.01.2014

Johs. Hjellbrekke